

norsk bridge

Medlemsblad for Norsk Bridgeforbund
nr. 4 – des. 2012 – 18. årgang

Heilt fullt på bridgekurs i Kabelvåg



1. og 2. divisjon forsamla i Letohallen



NM damelag 2013

**Vi innbyr herved til Norgesmesterskapet for damelag 2013.
Turneringen arrangeres lørdag 9. og søndag 10. mars 2013.**

Spillested: Quality Panorama Hotell, Trondheim.
Rom bestilles direkte med kode 80840.
Telefon: 72 90 05 00.

Spillestart **lørdag kl 10:30**. Premieutdeling søndag 15:45.


Turneringen arrangeres som en monradturnering – som alle lagturneringene på bridgefestivalen. Den avvikles over ti runder, med tispillskamper.

Turneringsledere vil være Allan Livgård og Svein Jarle Ludvigsen. Arrangementsansvarlig Inger Hjellemarken. For mer info kontakt Inger på hjellemarken@gmail.com eller 906 82 076.

Startkontingenten er kr 3.000 pr lag. Denne går hovedsaklig til felles reisekasse. Alle deltakere må ha levert reiseregning innen utgangen av mars. Reisefordeling foretas 2. april; kun reiseregninger som da er mottatt kommer til betraktning. Reisefordelingen

foregår på den måten at man summerer de mottatte reiseregningene, trekker fra den totale startkontingenten, og finner dermed den totale egenandelen. Denne divideres med antall reiser, og en finner derved egenandelen pr reise.

Påmelding foretas på påmeldingsmodulen på bridge.no, innen 1. mars 2013.



Velkommen

Leiar	2
Siden sist	3
Seriemeisterskapen.....	4
Å satse på bridge	20
Norsk bridge i finske skogar	26
Newsflash fra UIV.....	30
Nordisk mesterskap junior	30
Nyttårsforsett: Bedre bridge.no	32
Kurssuksess i Kabelvåg.....	34
Sol, varme og lærelystne elever	38
Ny giv i Nøtterøy BK.....	39
Bridge for de relativt ferske	40
Villy Dam	42
Kort fortald.....	46
Arne Olsen minneord	49
FOSS	50
Jubileumsturnering, Ruterknekt 70 år.....	54
Debatt om Norsk Bridge	58
Turneringskalender	62
Program Norsk Bridgefestival 2013.....	63
Ranik Halles pris 2011	64

NORSK BRIDGEFORBUND

Sognsveien 75 A
0855 Oslo
Telefon: 47 47 94 00
(mandag–fredag 12.00–16.00)
E-post: bridge@bridge.no
www.bridge.no
Bankkonto: 5002.05.01585
Postgiro: 0814.51.95102

REDAKTØR ERLEND SKJETNE

Mobil: 974 75 164
e-post: erlend@gammagrafisk.no
Ramsharts vei 1c, 7020 Trondheim

LAYOUT
AIT Oslo AS

ANNONSER


Ansvarlig: Erlend Skjetne
erlend@gammagrafisk.no
Annonserpriser: Etter avtale
Annonsemateriell leveres skriftlig,
med e-post, eller brev.

TRYKK

Follo trykk
Opplag: 9.000

Neste utgivelse
mars 2013
Innleveringsfrist
1. mars 2013

Forsidefoto:
Arlid Jakobsen



Vinteren er komen, og dei store tevlingane Seriemeisterskapen og NM klubbslag er godt i gang. I tillegg kjem alle forbundstevlingane ein kan forlyste seg i, og snart fylgjer julebridgen med alskens peparkaker og gløgg og nedsnøa nissebride. Den slags blir det skrive nok om; i dag vil eg heller slå eit slag for ei anna vel så viktig lyskjelde i den mørke årstida – klubbspelinga. Den lokale klubben som ein kvar veke spelar i. Eller bør spela i, om ein har slutta eller aldri eingong gidda byrja. Då har ein noko å sjå fram til på dei tallause lysfattige, issørpete, konstant forkjøla kvardagane utover den lange norske hausten og vinteren.

Eg var så heldig å byrja min personlege bridgekarriere i ein klubb som på det aktuelle tidspunktet var leiande i norsk bridge, ein kunne kanskje tillata seg å seia i Europa, på Heimdal i utkanten av Trondheim. Det var over tretti par og tri puljar, likevel spela alle mot alle i laupet av dei lange haust- og vårtevingane, og eg og min unge makker måtte finne oss i å ligge sist eller nesten sist ganske lenge. Men for ei matching det

var, med ei rekkje nasjonale elitespelarar til stades, både frå det opne landslaget og juniorlandslaget, og dessutan ein heil del lokale storleikar som gjennom mange års klubbspeling nettopp mot desse spisskompetente motstandarane, hadde vorte temmeleg farlege sjølv òg. Etter kvart hausta òg vi nybyrjarar resultat av slitet, og klatra sakte, men sikkert oppover resultatliste.

Det var i det heile uvurderleg å vera del av eit slikt miljø. Til å byrja var ein som fersk spelar litt blyg, men etter kvart vart ein godt kjent med fleire og fleire av dei andre i klubben, og ein lærde ikkje berre mykje bridge av det, men fekk mange nye vener å omgåast også bortanfor bridgebordet. I ei forsamling med berre bridgespelarar er det aldri mange keisame karakterar, og berre å vera til stades i det persongalleriet ein såpass stor klubb rømer, var intellektuelt stimulerande samstundes som det inngav mang ein helsefremjande latter. Kvar einaste aftan i dette varierte miniatyrsamfunnet var eit interessant sosialt studium.

I ein periode dala deltakinga i klubben veldig fort, noko ein nok har opplevd også mange andre stader. Mange av stjernene prioriterte viktigare oppgåver, ein del av dei unge flytte frå byen, men ein kjerne av lokale spelarar heldt likevel stand, og mykje takka vere dei har klubben dei siste åra

opplevd ein auke i deltakinga igjen. Ein nærmar seg tjuve par, og di fleire ein har å konkurrere mot, di artigare er det å spela. Klubbar i byane er naturlegvis privilegerte samanlikna med dei i bygdene, rett og slett fordi dei har fleire folk å ta av; det er klårt at det kan vera traurig å halde fram i klubben når så få kjem at den så vidt held seg over eksistensminimum. Men behovet er dei same overalt: Folk må ganske enkelt møte opp om det skal bli moro å vera der. Det er ei velgjerding ein gjer for dei andre, for at dei skal trivast, men ei investering ein tener på sjølv, som ein av desse mange. I ei tid med stendig større fokus på individualitet i alle former og på alle omkverve, er det ei dyrebar glede å yte ein innsats for det kollektive – spesielt når alt ein treng å gjera er å spela litt kort, og det ikkje kostar ein meir enn nokre hundrelappar i halvåret.

Difor bør du, når juleferien er over og endå ein bridgesesong byrjar, bli med i klubben din igjen. Eller oppgje alle tankar om å slutte, viss du vurderer dét. Viss du ikkje opplever det som serleg gjevande å vera der, vil du ganske sikkert endre oppfatning så snart fleire fylgjer det førebiletlege dømet ditt, og stiller opp for den gode fellesskapen.

God jul!

Erlend Skjetne,
redaktør



Dermed er det gått ett år til, og 2012 har vært et år preget av arbeidet med å søke EM i Tromsø, ny medlemskapsordning, Bridgetinget, Bridgefestivalen i Fredrikstad og skifte av generalsekretær. Året har vært preget av mange vedtak og mye arbeid for å videreutvikle Forbundet.

NBF arbeider med å få arrangere Åpent EM og Ungdoms-EM i Tromsø i 2015. Det planlegges i tillegg å arrangere en internasjonal juniorfestival i forkant av EM. Målsetningen med å arrangere EM i Norge er å skape entusiasme, og videreutvikle arrangementskompetanse som kan bidra til høyere kvalitet på klubbens tilbud til medlemmene. EM-arrangementene forutsetter stor grad av dugnad, noe som gjør det nødvendig med manges bidrag i planleggingen og gjennomføringen av arrangementene. Selv om det blir mye arbeid, blir det også mye moro. Får vi finansieringen på plass, vil NBF i februar 2013 gjennomføre forhandlingene

med EBL om betingelsene for et EM i Tromsø. Det har ikke vært et EM eller VM i Norge siden 1969, og samtalene så langt med EBL har vist en positiv holdning til Norges søknad.

Bridgetinget i juni besluttet å innføre en ny medlemskapsordning som innebærer lavere årskontingent, bortfall av mesterpoengavgiftene og innføring av en serviceavgift på 10 kroner per spiller per spillekveld. Innføringen av serviceavgiften innebærer at man i større grad betaler i forhold til hvor mye man benytter seg av tilbudet, noe som gjør at Forbundets inntekter i større grad blir avhengig av at medlemmene ønsker å benytte seg av tilbudene i klubb, krets og på forbundsnivå.

For å sette fokus på den dugnadsinnsatsen som legges ned rundt omkring i klubbene, har styret i NBF opprettet utmerkelsen "Årets Bridgeildsjel". Denne utmerkelsen skal gå til en person som har lagt ned en bemerkelsesverdig innsats over lang tid. Det kom inn forslag på 13 kandidater og kåringen av vinneren er basert på en folkeavstemning blant Forbundets medlemmer. Årets ildsjel ble i 2012 Oddbjørn Forseth fra Rauland, som fikk hele 45 % av stemmene i folkeavstemningen.

NBF har også etablert stipendier som klubber kan søke om, og i 2012 ble klubbstipendiene tildelt Bergen Akademiske BK, Lyngdal BK og Fløde BK. Stipendiene tildeles klubber som har gjort en god innsats for å rekruttere nye spillere, utvikle nye bridgetilbud, og som har jobbet systematisk med å forbedre miljøet i klubben. Stipendiene gis for å legge til rette for å videreføre arbeidet som er startet opp, eller til å gjennomføre tiltak innenfor rekruttering, medlemstilbud og miljø i klubben.

Både årets ildsjel og klubbstipendiene skal bidra til økt fokus på den dugnadsinnsatsen som gjøres rundt omkring i alle forbundets klubber og kretser. Det er mange som legger ned en stor og uvurderlig innsats for at medlemmene skal ha et godt og allsidig bridgetilbud. På vegne av Forbundsstyret vil jeg få benytte anledningen til å takke alle tillitsvalgte for innsatsen.

Til slutt vil jeg ønske alle medlemmene en riktig god jul og et godt nytt år. Jeg håper alle får en fin jule- og nyttårsfeiring, og at 2013 blir et år med mange hyggelige bridgeopplevelser.

*Jan Aasen,
president*

Seriemeisterskapen: 1. og 2. divisjon



Ved byjinga av den fyrste helga i Seriemeisterskapen fekk ei rekkje spelarar utleverte stormeisternål med eller utan stjerne, og Arild Rasmussen vart superstormeister. Vi gratulerer!

Helga 2. – 4. november byrja Seriemeisterskapen igjen. Endeleg var alle spelarane i fyrste- og andredivisjon samla i eitt og same store, luftige lokale: Letohallen nær Gardermoen.

Det er ingen tvil om at tevlinga fekk eit stort lyft då ein bestemte seg for å samle fyrstedivisjon og dei tri andredivisjonspuljene på ein stad, til no på Værnes, det har gjort det heile mykje meir sosialt og staseleg. I år har dei etter mitt skjønne teke endå eit steg opp: Riktig nok var det flott for oss trønderar å ha arrangementet hjå oss, men det nye spelelokalet, Letohallen ved Gardermoen, er sant å seia ein god del betre enn det førre var. Av innvendingar kan det nemnast at Letohallen i endå større grad enn Værnes

ligg i øydemarka, området rundt spelelokalet har lite å by på, og det er synd at hotellet tilknytt hallen ikkje er stort nok til å hyse alle spelarane, slik at dei som ikkje får plass der må bu åtskilt og ordne seg med transport til og frå hallen. Men det skal godt gjerast å finne eit lokale som er heilt perfekt på alle måtar, og denne gongen fungerte arrangementet teknisk så bra, og var òg så sosialt og hyggeleg, at det verkar som ei haldbar suksessoppskrift er funnen. Stor honnør til Inger Hjellemarken, Per Nordland, Ronny Korsmo og andre eldsjeler for eminent arbeid.


Vi skal nøye oss med å finstudere resultatane i den øvste divisjonen, eit av dei absolutte høgdepunkta i det norske bridgeåret, men korta var dei same i andredivisjon. Både fyrstedivisjon og kvar av dei tri andredivisjonspuljene har no tolv lag, og overalt spelar ein tolvspelskampar, alle mot alle internt i pulja, seks kampar denne helga og fem den neste.

Vinnarane av andredivisjon rykkjer opp, dei tri dårlegaste i fyrstedivisjon ned.

Denne sesongen synst eg nivået i fyrstedivisjon verkar jamnare enn på lenge, dette trass i utvidinga frå ti til tolv lag for to sesongar sidan: Ser ein på resultatlista, finst det ingen lag som peikar seg ut som klåre jumbokandidatar, og fjorårvinnarane Vestfold, som ein vel kan kalle favorittar, ser som vanleg ut til å ha ei rekkje utfordrarar i gullkampen. Resultata frå fyrste helg støttar saktens oppunder den påstanden: På høvesvis fyrste- og andreplass ligg Grøtheim og Lillevik, båe lag som rykka opp frå andredivisjon sist sesong, og det tredje laget som gjorde det, Skoglund, var i tet heilt til dei tapa to kampar sundag. På den andre sida ser ein to lag som fleire gonger har teke medalje, Lie og Høyland, streve i botnen. Det seier ein heil del om kor jamt godt nivået i toppen er i Noreg, og altså er mykje òg som før i fyrstedivisjon: Ein er under hardt press og blir straffa brutalt for feil. Vinnarane er til slutt dei som har gjort færrest feil.

Kampen med minst utslag i fyrste runde, var fjorårvinnarane Kopstad mot lag Hauge, der Geir Helgemo enno er med: Fyrstnemnde lag vann 17-13. I dei andre kampane var sigrane klårare, Davidsen slo Grøtheim 19-11, nyopptrykka Lillevik byrja bra med 20-10 mot Lie, Skoglund likeins mot Thoresen, medan Høyland slo Rasmussen heile 24-6 og Hornslien Våge med same siffer.

Fyrste kamp var ikkje mange spel gamal, då nokre få vestspelalar fekk ei frykteleg prøve.

	♠95	
	♥J532	
	♦K108653	
	♣10	
♠KQJ874		♠1032
♥AQ98		♥K76
♦7		♦AQ9
♣Q6		♣J732
	♠A6	
	♥104	
	♦J42	
	♣AK9854	

Dei fleste fekk spela 4 spar i ro og mak, ein lett heimgang, men den nye, openbert farlege parkombinasjonen Jonny Hansen og Jørn Arild Ringseth byrja meldingsforlaupe med 3 ruter og hopp til 5 ruter! Hansens 3 ruter er langt ifrå klassisk, men sjølv synst eg det er ei desidert opning i fyrstehand gunstig. Knekten fjerde i hjarter bør ein ikkje uroe seg altfor mykje for, med den argumentasjonen at ein har så dårlege kort at eiga side sjeldan har høgste kontrakt, ikkje minst fordi ein sjølv har hjarter og hjarter er lægre rangert enn spar. Kva skulle stakkars vest, aktuelt min makker Espen Erichsen, gjera over 5 ruter? Pass er ikkje eit alternativ, det står mellom 5 spar og dobling. I retrospekt må det vel kunne seiast at sistnemnde melding er mest fleksibel, fordi makker kan passe ut og ta pengane når dét er rett, som her. 5 ruter dobla var 500, men i kampens heite melde Erichsen 5 spar.




Jørn Arild Ringseth og Espen Erichsen



Denne gongen vart det Høyland som vann lokaloppgjere mot de Bottons Hordaland-lag, her er Arild Rasmussen og Sam Inge Høyland

Ringseth dobla den kontrakten, utvilsamt riktig ettersom ein vil åtvare makker mot ruterutspel, og noterte kjappe 200 inn.

For å nyansere biletet litt, kan vi jo trekkje fram eit spel der ein aktiv stil straffa seg hardt. Men når det var sjølvaste Geir Helgemo det gjekk gale med, er dømet kanskje lite representativt?

	♠10432	
	♥AQ	
	♦Q105	
	♣A984	
♠J85		♠AKQ76
♥K10943		♥7652
♦K8		♦3
♣1072		♣Q63
	♠9	
	♥J8	
	♦AJ97642	
	♣KJ5	

Det normale her var at sør opna 1 ruter og nord svara 1 spar, og deretter kunne det vel fort gå 2 ruter og hopp til 3 grand frå nord. Eg trur det er riktig å spela liten spar ut frå aust si hand då, som aktuelt gav ei kjapp beit, men også med spar ess ut fekk dei fleste tak i beita, og nord måtte konstatere at han nok skulle plassert makker i 5 ruter i staden. På eitt bord i heile fyrstedivisjon vart resultatet markant annleis, det var der Geir Helgemo sat i vest – og melde inn 1 hjarter over 1 ruter! Jan Tore Berg i nord dobla, og over 4 hjarter frå Christer Kristoffersen dobla han på nytt. No hadde Vestfold allereie vunne spelet fordi dei unngjekk 3 grand, og gevinsten ville bli endå større om Odin Svendsen greidde å passe. Det gjorde han, og etter ruter ut til esset fann han kløverskiftet som sikrar heile fire beit i kontrakten, i og med at han etter tri kløverstikk kan skifte singel spar, og får ei sparsteling idet makker kjem inn på hjarter dame. Av ein eller annan grunn skifte han ikkje spar, så det vart berre 800, men likevel eit kalasspel. Ramapublikummet fnaus av Helgemos innmelding på så dårleg farge og så tynne kort i ugunstig sone. Kva skulle det liksom vera godt for? No er sjølv sagt ikkje bridgegeniet Helgemo heva over absolutt all kritikk, så ein kan jo få hevde at det rett og slett




Geir Helgemo, her mot regjerande seriemeister Petter Tøndel

er feil å melde inn. Men det at ein spelar med så mange internasjonale titlar tillèt seg ei slik melding, får fram det overmåte viktige poenget ved ein aktiv stil: Ein kan ikkje seia sikkert idet ein melder inn kva konsekvens avgjerda kjem til å få: Ofte får ho ingenting å seia, og ein sjeldan gong går det som her heilt til skogen. Men viss ein nyttar alle ledige høve til å ta ifrå motparten plass, får dei det så ofte vanskeleg, at innteninga i det lange laup utvilsamt veg opp for dei få tilfella der ein tapar stort. Altså trur eg, utan å ha spurd han om det, at Helgemo kan leva med ein og annan sjeldan 800 ut på spel som dette.

Andre runde gav ytterlegare harde slag til både Rasmussen og Våge, dei tapa 21-9 og 20-10 mot høvesvis Hauge og Kopstad. Lillevik fortsette den gode byrjinga med 20-10 mot Davidsen, Skoglund med 20-10 over Høyland, Lie og Thoresen spela 16-14, medan Hornslien kom ned på jorda med tap 23-7 for Grøtheim.

Hadde du og din favorittmakker funne storeslem her?

	♠AJ9542	
	♥Q10	
	♦K4	
	♣A103	
♠Q87		♠K63
♥-		♥7652
♦Q8732		♦1096
♣KJ954		♣872
	♠10	
	♥AKJ9643	
	♦AJ5	
	♣Q5	

Eit fyrste spørsmål er kva sør bør melde etter å ha opna 1 hjarter og fått 1 spar frå makkeren. Vanleg praksis er at 3 hjarter viser sterkare kort enn 4 hjarter i denne situasjonen, eit lite paradoks i underteikna sin innsnevra tankegang, ettersom 3 hjarter ikkje er krav og 4 hjarter iallfall sikrar at ein kjem i utgang. Men her blir det svært vanskeleg å finne storeslem om sør hoppar til 4 hjarter: Nord kan melde Blackwood og spørja vidare med 5 grand når alle essa er på plass, men korleis skal ein finne ut at makker har singel spar? Sør kan ikkje godt ta imot storeslemsinvitten på grunn av den single sparen sin, for han anar ikkje at nord har sekskorts, så det er mogleg at nord rett og slett må gamble på 7, noko som vel er i overkant hasardiøst ... I praksis sleit mange etter 3 hjarter òg: 4 kløver cuebid, 4 ruter frå sør, og så ...? Med 4 grand vart det akkurat det same problemet som skissert over, men det spørst om ein ikkje heller bør satse på at sør må ha ess, konge i hjarter og ruter ess for meldingane sine, og seia 5 ruter som eit nytt cuebid. Det må i prinsippet innebera at ein manglar sparkontroll, så om sør no likevel melder 6, kan ein gå ut frå at han kontrollerer sparen, altså at han har singelton; då er sjuaren fort med oddsen. Det var likevel ikkje fleire enn sju par i heile fyrste- og andredivisjon som melde han; i fyrste var desse Jan Petter Svendsen – Erik Sælensminde, Gjermund Rekstad – Petter Tøndel og Peter Marstrander – Rune Brendeford Anderssen.

Tridje runde baud på eit temmeleg overraskande resultat då Skoglund, som har flytt mykje opp og ned mellom fyrste- og andredivisjon dei siste åra, vann



Djupt alvor i internoppgjæret mellom dei nordnorske representantane Peter Marstrander og Jan Einar Sætre

heile 25-3 mot Hauge. Thoresen fekk òg ein grei siger, 19-11 mot Davidsen, medan Grøtheim heldt fram mot teten med 21-9 mot Våge, som det byrja sjå ein smule stygt ut for no. Kopstad spela uavgjort mot Rasmussen, Høyland slo Lie 16-14, medan Lillevik tok sin tredje strake siger med 17-13 mot Hornslien. Eit spel som gav store utslag i mange kampar, var det fylgjande:

<p>♠ - ♥ J974 ♦ 1053 ♣ K108765</p>		<p>♠ QJ74 ♥ AK6 ♦ QJ42 ♣ 43</p>	<p>♠ 1096532 ♥ 103 ♦ K976 ♣ 2</p>
<p>♠ AK8 ♥ Q852 ♦ A8 ♣ AQQ9</p>			

Eg fekk spelet som ei double dummy-oppgåve av den sympatiske nordtrønderen John Saur, men må skamfull medgje at makker Espen Erichsen kom meg i forkjøpet med løysinga. Du kan jo prøve sjølv før fasiten fylgjer: Med hjarter ut skal du vinne 6 grand.

Kontrakten er god, men det sit vondt. I ein del slike tilfelle ligg løysinga i ein skvis, men sjølv om vest i dette tilfellet vaktar haldet i to essensielle farger, kan han ikkje skvisast på sedvanleg måte, ettersom han kaster etter sør. Når ein innser dette, forstår ein òg at sørs hjarter ikkje er noe å samle på, slaget skal stå i kløver: Ein må rett og slett ta fire stikk i spar og kaste ein hjarter, tre i hjarter og to i ruter med kutten, men passe på at vest ikkje får godspela hjarter knekt medan han enno har kløver konge. Så lenge ein unngår den faren, må han alltid halde firekorts kløver, viss ikkje kan sør ganske enkelt gje bort for kløver konge og få kontraktstikket på kløver ni. I sluttposisjonen, etter ni stikk i dei andre fargane, held både sør og vest firekorts kløver, og vest blir innspela så lenge sør byrjar med dama eller knekten, og held fram med med ein annan kløver enn esset viss vest lasjerer. Naturleg nok gjekk alle i praksis beit i 6 grand, bortsett frå dei som fekk kløver ut.

Den vinnande speleføringa ville vel å merkje vore mogleg å finne på dei borda der vest, påverka av dei gunstige sonetilhøva, over sørs sterke opning fann det maktpåliggjande å klive inn med ei (sjølv)destruktiv kløvermelding. Men på dei borda vart det aldri snakk om standardkontrakten 6 grand, for over negativ



Ei god hjelp for lag Lillevik; her er Jan Mikkelsen i forgrunnen mot Møre og Romsdals Asbjørn Kindsbekken


dobbling i nord var sør sjølvsgagt godt nøgd med å passe. Mine dyktige lagkameratar Terje Aa og Allan Livgård noterte heile 1400 inn mot 4 kløver dobla, som gav 17 IMP mot 6 grand med beit. Det skjer med andre ord litt av kvart i fyrstedivisjon òg.

I fjerde runde gjekk Skoglund på sin fyrste store smell, 21-9 mot Kopstad, medan Hauge tok igjen litt poeng med 24-6 mot Lie. Høyland byrja ein dyster periode med tap 25-5 mot Davidsen, Thoresen slo Hornslien 16-14, Lillevik gjekk på det fyrste tapet sitt 17-13 mot Grøtheim, medan Våge noterte sitt fjerde strake tap 20-10 mot Rasmussen.

Resultata på det fylgjande spelet synst eg var ein smule skuffande. Folk har vel ikkje gløymd korleis ein melder naturleg – og spelar likeins?

♠AK1073
♥872
♦63
♣KQ10

♠Q984
♥AK64
♦AJ742
♣-



♠J
♥1093
♦985
♣J97642

♠652
♥QJ5
♦KQ10
♣A853



Stian Jensen og Kristine Gjør, høvesvis regneskapsansvarleg og rekneskapsassistent under arrangementet i Letohallen, og dessutan dei som fekk korta inn og ut av lokalet – til uvurderleg hjelp

Vest gjev og opnar 1 ruter, og nord melder inn 1 spar, som i gunstig sone kan vera ein del tynnare enn denne handa – jamfør Helgemos nemnde innmelding i blodsona. No er det jo heilt klårt eit alternativ for sør å melde 2 grand med ein gong, for med denne fordelinga og alle honnørane i sidefargane er det ikkje så mykje som talar for sparkontrakt på handa hans. Men ein kan jo vera litt korrekt og seia 2 ruter, god lyft i spar, og med ei fullverdig opningshand bør nord kanskje strekkje seg til ein positiv, seminaturleg 2 hjarter – det blir ei avtalesak. Uansett må sør no kunne melde 2 grand naturleg, og med denne jamna handa lyfter nord til 3. Med liten hjarter ut til dama verkar det overvegande sannsynleg at fargen sit 4-3, så det går greitt, med tri store hjarter ut har ein òg kontroll, så la oss seia ein får ruter ut til tiaren. Det




Ronny Korsmo, leiar i Jessheim bridgeklubb og BBO-operatør fyrste helg i fyrstedivisjon

gjev ein eitt ruterstikk, ein har minst tri kløverstikk, og det må vera nesten umogleg for forsvaret å ikkje servere eit femte stikk i ein av sidefargane her. Altså ser det ut som ein treng fire sparstikk, og då må det vera riktig å spela spar til esset i stikk to. Viss alle fylgjer lågt på den, trekkjer ein seg heim på kløver ess og spelar spar. Viss vest splittar dukkar ein, elles legg ein tiaren, og så skal det veldig mykje til at forsvaret har eit kritisk motspel å produsere her; då måtte vel vest nesten ha hatt firekorts kløver, noko det knappast er plass til på handa hans om han òg har fire spar. Om aust som her fylgjer med ein honnør under esset i fyrste sparrunde, dukkar ein ein spar og har deretter ein markert finesse over vest. Like fullt var det berre eitt par i heile feltet som noterte 400 på spelet, det

var Roger Fagerdal og Tommy Kristiansen på lag Thomassen, som leier si andredivisjonspulje. Mange av dei som kom seg i 3 grand må ha spela spar til tiaren direkte, noko eg trur er for uforsiktig.

Dette spelet skapa òg ein del diskusjon mellom ekspertane.

	♠ -	
	♥ K10987532	
	♦ A104	
	♣ 32	
♠ 102		♠ Q863
♥ J6		♥ Q
♦ KJ63		♦ 98752
♣ KJ964		♣ 875
	♠ AKJ9754	
	♥ A5	
	♦ Q	
	♣ AQ10	

7 hjarter er ein glitrande kontrakt, som knapt treng meir enn trumfen 2-1. Får ein det mest kritiske utspelet, kløver, stikk ein berre med esset, spelar ruter til esset og ruter til steling, ned med hjarter ess, og må så ta for ess og konge i spar og håpe den ikkje sit altfor skeivt. Problemet er korleis det skal meldast etter 4 hjarter i nord og Blackwood i sør: Nord bør kunne syne to essverdiar og renons i spar ved å hoppe til 6 hjarter; med ein lægre renons melder han 6 i renonsfargen. Spørsmålet er berre kva det lovar i trumf: Syner det hjarter dame i tillegg til essa? Enn vidare: Er den åttande hjarteren nok til å lyge på seg trumf dame når ein allereie har opna i 4 hjarter, som opplagt kan vera på sjukorts og kanskje til og med seks i sjeldne tilfelle, eller krevst det ein tettare hjarter? Viss nord ikkje viser hjarter dame, kan sør ta sjansen på storeslem likevel? Landslagsparet Boye Brogeland og Frode Cantona Nybo var iallfall på bylgjelengd her, dei melde ganske enkelt 4 hjarter – 4 grand; 6 hjarter – 7 hjarter, med full tryggleik.

Spesielt fyrste halvrunde av femte runde var prega av veldig flate kort, så bortsett frå Hornslien som i denne kampen greidde å slå Høyland heile 23-7, var det ingen større utslag enn 18-12, det var sifra Rasmussen slo Skoglund og Hauge Davidsen med.



Per Nordland sat mest ved dubleringsmaskinen denne helga, men nokre tilkallingar frå borda vart det vel òg


Grøtheim vann 16-14 over Thoresen, Lie tilsvarende mykje over Kopstad og Våge like mykje over Lillevik, den fyrste sigeren deira.

I sjette kampen fekk Våge endeleg ein stor siger, 25-2 mot Skoglund, som no var ramla vesentleg etter den gode starten sin. Lie vann 16-14 over Rasmussen, Davidsen 19-11 over Kopstad, Hornslien 16-14 over Hauge og Lillevik like mykje over Thoresen, medan Grøtheim tok sin femte strake siger mot Høyland, som det no byrja sjå litt stygt ut for. Høyland var i rama mot Grøtheim, og korta låg til rette for eit høgst dramatisk oppgjær.

Den fyrste halvrunder av kampen slutta med to spel på rad same veg der lilleslem var nedlegg, og storeslem sto på å løyse ellevekortstilpassen utan tapar på kongen! Det er ingen dårleg sjanse, men det er vel tvilsamt om det er rett å melde 7, noko landslagsparet Odin Svendsen og Jan Tore Berg like fullt gjorde på baa spela. Lag Grøtheim vann òg det eine spelet, då underteikna og Erichsen etter ei misforståing hamna i 7 kløver på det eine, og Høyland var i lilleslem på baa. Det var jo litt heldig. I andre halvrunde kom derimot eit tilfelle av utur ganske tidleg.

♠ J109
♥ AK6
♦ 107532
♣ 63

♠ 763
♥ J985
♦ AK
♣ 9742



♠ KQ8542
♥ -
♦ QJ984
♣ 108

♠ A
♥ Q107432
♦ 6
♣ AKQJ5

Kva melder du som aust, i blodsona, etter to passar fram til deg? Slik eg ser det står det mellom 1 spar, 2 spar og 3 spar. 3 sperrar godt og illustrerer den store spelestyrken, 2 blir kanskje litt for inkjeseiande, medan 1 spar aukar sjansen for å få vist baa fargane. Aktuelt slo det diverre ikkje så godt ut å sperre med 3 spar, for når motparten etter kvart var med til 5




Erik Sælensminde og Odin Svendsen

hjarter – den objektivt sett gode slemmen vart det jo vanskeleg å melde – kan ein ikkje klandre vest for å doble med eit sannsynleg trumfstikk og ess, konge blokk i ein umeldt sidefarge. Det var altså ein god del gonger 650 i 5 hjarter dubla her. Tor Bakke valde derimot ei meir utspekulert melding i tridjehand, pass, og så passa han heile meldingsforlaupet! Med så god plass var det inga sak for underteikna og makker å finne ut at 6 hjarter måtte vera ein fin kontrakt, men det var ei gresk gåve då trumfen sat 4-0 på feil side; Jim Høyland tok ei enkel beit. Men det er klårt, vi hadde ikkje tronge meir enn hjarter ni hjå blindemann før slemmen hadde vore nedlegg trass i hjartersitsen ... Bridgen er marginal.

Fylgjande spel har òg vore mykje omtala.

♠ KJ7
♥ J
♦ AJ1095
♣ J1065

♠ Q43
♥ KQ873
♦ K62
♣ 97




♠ 10962
♥ 6
♦ Q74
♣ AKQ84

♠ A85
♥ A109542
♦ 83
♣ 32

Det var relativt normalt at aust opna 1 kløver, sør



Glenn Grøtheim leier fyrstedivisjon igjen, her i bakgrunnen mot klubbkamerat på Heimdal Aksel Hornslien

	♠A84	
	♥A63	
	♦QJ952	
	♣J10	
♠107632		♠J9
♥75		♥102
♦K		♦A10864
♣AK843		♣7652
	♠KQ5	
	♥KQJ984	
	♦73	
	♣Q9	

melde inn 1 hjarter, vest passa med plan om å passe makkers oppdobling, nord inkjeanande sa 1 grand og sør 2 hjarter som vest velnøgd kunne doble. Men fordi om vest altså trudde han kunne beite 1 hjarter, var det ikkje opplagt å få tak i beita i 2. I grunnen stod og fall det på aust sitt motspel etter kløver til dama. Han må helst skifte trumf no. Det kan naturlegvis bli dumt viss det er singel kløver makker har spela ut, skjønt det ikkje er sikkert at speleførar har nokon stad å parkere kløvertaparane sine uansett ... I alle fall heldt mange austspelarar fram med ytterlegare to store kløver, den siste til låg steling og oversteling, før ruterskift til esset og kløver ti fylgde, med ruteravkast i sør og steling i vest. No var kontrakten faktisk utapeleg: Uansett kva vest spelar kan sør få eliminert ruterer, sparen med ein finesse, og deretter sluttspele vest med liten hjarter opp mot knekten. Det fordrar vel å merkje at vest har bae hjarterhonnørane, men dét verkar overvegande sannsynleg, det er tvilsamt om han tør doble 2 hjarter med berre éin honnør femte i trumf i sona i lagkamp. Konge, dame fjerde har han heller ikkje, for då melder han 1 grand i staden for å passe i fyrste omgang. Sam Inge Høyland gjorde det teknisk riktige då han skifte hjarter konge inne på den andre hjarterstelinga, som øydelegg innspelet om aust har hjarter ti eller ni singel, og såleis er einaste reelle beitesjanse. Men det var for seint å unngå 670 ut. Thomas Charlsen på de Botton var mellom dei dyktige som vann kontrakten på innspel.

I eit anna spel måtte det eit klårsynt motspel til for å beite 4 hjarter:

Eit typisk meldingsforlaup var at nord opna 1 ruter, sør sa 1 hjarter og vest melde inn 2 ruter eller 2 hjarter for å vise dei to umelde fargane. Etter støttedobling i nord sa sør 4 hjarter og det gjekk pass rundt. Kontrakten ser daud ut, men mange stader tok vest for ess og konge i kløver berre for å skifte spar, og då blir han litt seinare sett inn på den single ruterkongen og må spela ein svart sort til dobbeltrenons. Her sit ikkje underteikna med nokon fasit i hand; det einskilde makkerskapet må diskutere kva kasta på ess og konge i kløver skal ha for meining: Viss ein fylgjer med sjuaren fyrst, svakheit, er då toaren under kongen lavinthal eller fordeling? Viss ein brukar den meir utanlandske varianten at kongeutspel bed om fordeling direkte, korleis legg ein då om vest spelar ess og konge ut? Slike ting får ofte mykje å seia, så her gjeld det å ha avtalene i orden. I botn og grunn handla vel dette spelet om at vest trong ein tidleg lavinthal til ruter for å greie å ta for kongen sin.

Med denne harde prøva var nok ei helg full av slemmar og galskap over, og arrangørane var så venlege å syrgje for gratis buss til Gardermoen for alle som måtte ynskje dét. Eg trur nok dei fleste gler seg til gjensynet med Letohallen i februar, eller allereie i januar om ein planlegg å spela Jessheim BK sin store nyttårscup, som òg går føre seg der. Vel møtt!

Resultatene finner du på neste side!

Resultat 1. divisjon

1	111	Grøtheim	Midt-Trøndelag 3	Grøtheim - Tundal - Livgård - Aa - Erichsen - Skjetne
2	100	Lillevik	Oslo 1	Lillevik - Furunes - Mikkelsen - Ludvigsen - Schjelderupsen - Jensen
3	98	Kopstad	Vestfold 1	Kopstad - Kopstad - Berg - Svendsen - Rekstad - Tøndel
4	97	Hornslie	Midt-Trøndelag 1	Hornslie - Høyem - Austberg - Lund - Berg - Simonsen
5	93	Hauge	Rogaland 1	Hauge - Malinowski - Helgemo - Kristoffersen - Sælensminde - Svendsen
6	92	Davidson	Nord-Trøndelag 1	Davidson - Saur - Nybo - Brogeland - Hansen - Ringseth
7	91	Thoresen	Østfold og Follo 1	Ovesen - Thoresen - Anderssen - Marstrander
8	88	Skoglund	Østerdal 1	Skoglund - Skoglund - Sætre - Evenstad - Larsen - Ovesen
9	82	Rasmussen	Hordaland 1	Rasmussen - Botton - Malinowski - Charlsen - Hoftaniska - Bentzen
10	78	Lie	Møre og Romsdal 1	Lie - Kvangraven - Ekren - Berset - Kindsbekken - Voll
11	76	Våge	Midt-Trøndelag 2	Våge - Eide - Berg - Kippe - Græsli - Bogø
12	69	Høyland	Hordaland 2	Bakke - Høyland - Høyland - Eide - Høyland - Fyrn

Resultat 2. divisjon avdeling A

1	106	Grime	Romerike 1	Grime - Kristensen - Bjerkan - Olsen - Sundeng - Aaseng
2	101	Mæsel	Vest-Agder 1	Mæsel - Mæsel - Aalberg - Johansen - Harding - Fuglestad
2	101	Kjærnsrød	Vestfold 2	Kjærnsrød - Frydenberg - Bergheim - Sundseth - Olsen - Syversen
4	93	Mælen	Sør-Trøndelag 1	Mælen - Kjønsvik - Hegge - Grude - Krogh - Bjørkan
4	93	Lauritsen	Hedmark og Oppland 4	Lauritsen - Haugseth - Gravanen - Vestveit - Borge
6	90	Skimmeland	Rogaland 2	Skimmeland - Leinan - Olsen - Baumann - Larsen - Bårdsen
7	89	Selfors	Helgeland 1	Selfors - Småli - Bogen - Bogen - Bogen - Eriksen
7	89	Træet	Haugaland 2	Træet - Tveito - Gamlemshaug - Lunde - Haga
9	84	Homme	Vest-Agder 3	Homme - Homme - Stornes - Olsen - Reinertsen - Hansen
10	77	Sivertsen	Troms og Ofoten 2	Sivertsen - Eriksen - Hanssen - Hegrand - Lyngen - Larsen
11	75	Hauksson	Oslo 5	Hauksson - Monrad - Høyland - Markussen - Wiborg - Brandvold
12	73	Thomassen	Vest-Finnmark 1	Bull - Thomassen - Andersen - Bull - Ernstsen - Hætta

Resultat 2. divisjon avdeling B

1	116	JS Hansen	Vest-Agder 2	Hansen - Hildal - Svindahl - Ravnaas - Brekka - Høiland
1	116	Holmbakken	Hedmark og Oppland 2	Holmbakken - Johnstuen - Ohren - Brentebråten
3	100	Årnot	Telemark 1	Årnot - Ajer - Øberg - Hogstad - Jørstad - Jørstad
3	100	Søiland	Rogaland 3	Søiland - Ueland - Frøyland - Herland - Nesdal - Ueland
5	93	Kristensen	Troms og Ofoten 3	Kristensen - Olofsson - Bremseth - Harr - Jørgensen - Åhlen
6	92	TE Hansen	Salten 1	Hansen - Andresen - Åselid - Aabye - Farstad - Sveindal
7	83	Johnsen	Oslo 3	Johnsen - Koppang - Arntzen - Stokkeland
8	79	SA Olsen	Troms og Ofoten 1	Olsen - Stokkvik - Reinholdtsen - Olsen
9	78	Helgeby	Vestfold 3	Helgeby - Helgeby - Indlagen - Rikstad - Andersen - Syvertsen
10	76	Ekren	Møre og Romsdal 3	Ekren - Mikkelsen - Smisetfoss - Ovrid - Ovrid - Paulsen
11	74	Berg	Hedmark og Oppland 3	Berg - Vermund - Austdal - Båtstad - Andersen - Sørensen
12	71	Vinjevoll	Møre og Romsdal 2	Vinjevoll - Årdal - Sunde - Sivertsvik - Holmøy - Vist


Resultat 2. divisjon avdeling C

1	119	Thomassen	Helgeland 2	Thomassen - Karlberg - Rydland - Riksvold - Fagerdal - Kristiansen
2	114	Smith	Buskerud 1	Smith - Evjen - Allard - Jensen - Røren - Saur
3	103	Eliassen	Hedmark og Oppland 1	Eliassen - Skjæran - Ellingsen - Eide - Eide - Eide
4	98	Wikstrand	Oslo 4	Wikstrand - Gunnarsson - Wilt - Bøe - Hantveit - Garseg
5	95	Vestå	Lofoten og Vesterålen 1	Vestå - Ellingsen - Digre - Winsnes
6	94	JA Olsen	Aust-Agder 1	Olsen - Pedersen - Lindqvist - Lindqvist
7	84	Lutro	Haugaland 1	Lutro - Nitter - Hansen - Urheim - Eileraas - Svendsen
8	81	Brandsnes	Oslo 6	Brandsnes - Brandsnes - Uran - Rønbeck - Digre - Hjelvik
9	79	H Morken	Gudbrandsdal 1	Morken - Hagen - Pedersen - Gjefsen - Lunna - Bartnes
10	72	Fodstad	Oslo 2	Fodstad - Hagen - Aarebrot - Sæterdal - Halderaker - Nordby
10	72	Garli	Nord-Trøndelag 2	Garli - Tuseth - Tuseth - Kjønnøy - Enge - Krogstad
12	64	Hoff	Sogn og Fjordane 1	Hoff - Hjelmeland - Hoff - Kvamsdal

Årets 4. divisjon – Vest-Agder-bridgekrets

Av Karl Olav Hansen

Årets 4 divisjon i Vest-Agder 1. helg var lagt til vakre Skottevig Feriesenter (faktisk rett over grensen til Aust-Agder). 16 lag på startstreken i pulje 18 og 19. Inger Lene Hangeland er restaurantsjef på Brygga Restaurant, som må ha en av de vakreste beliggenheter i landet.



De fire siste årene har vi hatt en svært spesiell form for avvikling. Målet vårt har vært at divisjonsspillingen skal være en arena for også mindre rutinerte spillere, hvor de kan møte hverandre og sloss om sine første forbunds-poeng. Kampene baseres på Monrad-prinsippet, med tispills kamper. Formen gjør det spennende for alle både i topp og bunn. Kampresultatene

fra første helg utgjør trekning andre helg. Serieprinsippet fravikes dermed, men spillerne er enige om at formen passer og at alles interesser ivaretas.

Inger Lene og Atle hadde virkelig lagt seg i selene for å få til et knalltilbud til spillerne. 2 overnattinger med frokost til kr. 500,- inkludert

sengetøy. For mange av spillerne startet helgen allerede på fredag med singelturnering, fest og moro. 4. divisjon er på våre kanter en spesiell anledning der den sosiale rammen vektlegges.

Hva med en bugnende buffet + frukt til kr. 50,-? Tror ikke disse prisene kunne blitt matchet noe sted i verden, og her hjemme måtte vi nok gått tilbake til historiske tider for å oppleve maken.

Noen feilskjær på det tekniske ble det, men dette rettes opp til første helgen i februar, når




Fra venstre Nora, Elin, Siri og Kate. Elin med medlemsnummer 40576 vant kampen og får tildelt FP. Jeg "snikkikket" og fikk se god spilling og en velfortjent seier.

arrangementet avvikles på Rosfjord Strandhotell i Lyngdal.

De to beste lagene etter første helg:

Søm 1 **177VP**
Team "Luckyluke" **172VP**

Det er ofte de "store" slemspillene som avgjør i korte kamper. Meldestilen varierer fra de mest pessimistiske som havner i utgang, til de optimistiske som havner i lilleslem og de overoptimistiske som havner i storeslem.



Med Marius "Klukken" Skree og Arvid begynte meldingene 1 hjerter – 2 grand Stenberg,

hjerterstøtte og krav til utgang. Klukken sa 3 hjerter minimum, Arvid 4 kløver, og Klukken følte han hadde litt ekstra, så han prøvde 4 ruter. 4 grand var Blackwood og avdekket at alle essene var der, før 5 grand ble oppfattet som storeslemsin vitt. Klukken er ikke den som lar seg be to ganger, så han sa 7 hjerter. Tolv bord havnet i 4 hjerter, tre bord i 6 hjerter og dette bordet i 7 hjerter, alle med tolv stikk. Hvordan melder du denne med din favorittmakker?

Velkommen tilbake til andre helg i 4. divisjon avdeling Vest-Agder!



Resultater 3. divisjon

Avdeling A

Plass	Poeng	Navn
1	93.0	Troms og Ofoten 8 Jensaas, Ingebrigtsen, Larsen, Øverli
2	91.0	Vest - Finnmark 2 Berglund, Anthonsen, Svanholm, Karlstad, Fredriksen, Karlstad
3	86.0	Øst - Finnmark 1 Jensen, Jensen, Leinan, Veseth
4	81.0	Vest - Finnmark 3
5	74.0	Troms og Ofoten 7
6	73.0	Troms og Ofoten 5
7	69.0	Øst - Finnmark 2
8	66.0	Vest - Finnmark 4
9	61.0	Vest- Finnmark 5
10	54.0	Øst - Finnmark

Avdeling B

Plass	Poeng	Navn
1	94	NBF Salten 2 Nergaard Nergaard - Øvervatn - Furset - Christensen - Hole
2	93	NBF T&O 6 Munkvold Munkvold - Olaussen - Mortensen - Thoresen - Seljeseth
2	93	NBF LoVe 4 Elde Elde - Lehn - Lehn - Olsen
4	81	NBF LoVe 5 Andreasen
5	80	NBF T&O 4 Kristiansen
6	77	NBF T&O 10 Lichtwarck
7	63	NBF LoVe 3 Jakobsen
8	60	NBF T&O 9 Thorstensen
9	56	NBF Salten 4 Ludvigsen
10	50	NBF LoVe 2 Johansen

Avdeling C

Plass	Poeng	Navn
1	101	Johansen, Salten 3 Johansen - Johansen - Karlsen - Jakobsen
2	95	Færø, Helgeland 5 Færø - Skaland - Breirem - Kaggerud
3	86	Karlsen, Helgeland 6 Karlsen - Hagen - Aanonli - Bogen
4	83	Stanghelle, Helgeland 3
5	77	Bonsaksen, Helgeland 4
6	71	Straumbotn, Helgeland 13
7	64	Stefansen, Helgeland 12
7	64	S Lund, Helgeland 8
9	51	Mellingen, Helgeland 9
10	50	Eriksen, Helgeland 11

Avdeling D

Plass	Poeng	Navn
1	99	Nord-Trøndelag 4 Nymoen Nymoen - Holmen - Gundersen - Daling - Flakstad - Herstad
2	97	Nord-Trøndelag 5 Saur Saur - Dahlen - Stene - Ukkelberg
2	97	Nord-Trøndelag 3 Nitter Nitter - Olsen - Kvaran - Kvaran
4	88	Midt-Trøndelag 6 Bruvoll
5	85	Midt-Trøndelag 5 Haugen
6	74	Nord-Trøndelag 6 Riseth
7	63	Midt-Trøndelag 11 Vaagland
8	53	Helgeland 7 K Lund
9	43	Helgeland 10 Aarstein
10	40	Nord-Trøndelag 7 Hanslien

Avdeling E

Plass	Poeng	Navn
1	101	Aa, Midt-Trøndelag 4 Forfot - Aa - Aa - Andersbakken - Aal
